



DEN NORSKE KYRKJA

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Møteprotokoll for Bjordal og Ortnevik sokneråd torsdag 18.01.24 kl. 18.15 – 19.50 på teams p.g.a. store snømengder.

Tilstades: Camilla M. Ådland, Terje Søreide, Sissel Sørebø, Inger C. Fitje, kasserar Liv – Gunnbjørg Søreide og sekretær Ann I. Østerbø.

Ingunn Østerbø på telefon

Kjersti J. Søreide hadde ikkje høve å møte.
Til opning delte Inger C. tankar om dåpen, las eit dikt og bad ei bøn.

Innkallinga vart godkjent.

Meldingssaker:

01 /24 Møte i fellesrådet blir 1. februar - snart blir det kurs for nye medlemmer.

02/24 Ann I. informerte litt om tala i årsstatistikk for DNK 2023.

03/24 Arrangement/tiltak sidan forrige soknerådsmøte :

- Julekonsert i Ortnevik 10 des.- ca 68 personar
- 24. des.- gudsteneste i Ortnevik (ca 40) og i Bjordal (ca 48 personar). Anders B. spela i begge kyrkjene.
- Dåpsgudsteneste i samband med juletefest i Ikkjefjord grendahus 26. des. – ca 51 personar
- Song på Bygdetunet 18. des. og 8. jan. – ca 20 personar kvar gong.
- Gudsteneste i Bjordal 7. jan – innsetting av Inger C. Fitje - 34 personar
- Kyrkje og misjonsdag på Alværa 13. jan. – 7 vaksne og 4 barn frå soknet vårt.
- T- klubb i gamlebanken for 1.-7. kl. 16. jan. - vart avlyst p.g.a for få påmeldte.
- Framleis God helg v/Geir Sørebø på nett (worshippinginthenature.com).

Sakliste

Sak 01/24 Godkjenning av møteprotokoll frå soknerådsmøte 6. desember.

Vedtak: Møteprotokoll for 6. desember vart godkjent.

Sak 02/24 Rekneskap for 2023 v/ Liv- G.

Liv- G la fram rekneskapen for godkjenning. Litt om utgifter og inntekter; eit overskot på kr 66,49.

I banken pr. 1. jan. 28.956,37 – beholdningen har vore jamn over fleire år. Rekneskapen er revidert, og blir lagt fram for årsmøte 14. feb.

Vedtak: Rekneskapen vart godkjent av soknerådet.

Sak 03/24 Årsmelding for 2023.

Ann I. har saman med Sissel skrive årsmelding. Ann I. undersøker beløp innsamla til Kirkens Nødhjelp på fasteaksjonen.no. Årsmeldinga blir lagt fram for årsmøte 14. feb.

Vedtak: Soknerådet godkjenner årsmeldinga med den endringa som vart påpeikt.

Sak 04/24 Årsmøte i gamlebanken onsdag 14. februar kl. 17.

Vedtak: I tillegg til årsmøte, ynskjer soknerådet å invitere til samtale og idemyldring om Liv og Lyst prosjektet for Høyanger Sørside. Terje Søreide kan orientere, eventuelt intervju/ samtale med nyvalt leiar for prosjektet. Camilla og Inger C. tek ansvar for suppe, og det er ynskje om song av Camilla !
Det blir hengt opp plakatar i bygdene og godt kunngjort på nett !

Sak 05/24 Fasteaksjonen Kirkens Nødhjelp 17. – 19. mars.

Vedtak: Vi satsar på at konfirmant + sokneråd og frivillige går med bøsse i bygdene. Sissel bestiller materiell og set opp ruteforslag. Bøssene blir levert til Liv- G. etter innsamlinga.

Sak 06/24 Stoff til neste Helgestunder.

Kyrkjelydsbladet treng stoff frå sørsida; send aktuelle saker / bilder til Sissel.

Vedtak: Til kommande blad prøver vi med reportasje om opning av dagsturhytta på Søreide og frå årsmøte.

Kjersti har bilde frå innsetting av Inger C. Sissel skriv om opplegg for barna.

Sak 07/24 Jubileumsnemnd 100 års markering Ortnevik kyrkje:

Alt no må ein byrje planlegginga av jubileet. Ein skal sette saman eit program/ innhald for dagen.

Geir S. har fått ansvar for festskrift, og tek kontakt med aktuelle personar for å danne ei arbeidsgruppe.

Vedtak: Kjersti og Inger C. blir med i nemnda, i tillegg høyrer Inger C. med ein person til frå Ortnevik.

Sak 08/24 Neste gudsteneste 18.februar: kyrjekaffi, kyrkjevert.

Vedtak: Inger C. tek kontakt med konfirmantfamilien om å ta ansvar for kyrjekaffi, og Sissel høyrer med Sølvi G. om å vere kyrkjevert. Fint om konfirmanten deltek i gudstenesta.

Sak 09/24 Møteplan vidare

Vedtak: Neste møte blir onsdag 6. mars kl.18

Eventuelt

Desse sakene vart utsett til neste møte :

- **Plan framover: Kva ynskjer vi å sjå i soknet vårt? Kva brenn vi for? Kva er vi motiverte for å arbeide med?**
Vi vil velje ut 3-4 konkrete tiltak som vi vil gjennomføre i år. Tenk gjerne igjennom dei ulike innspela frå sist møte.
Denne saka er lettare å diskutere når vi samla.
- **Diakoniplan for 2024. Diakonikontakt.** – Sissel og Inger C. lagar utkast til plan til neste møte.

Camilla M. Ådland
Leiar

Ann Iren Østerbø
sekretær

Kopi: Høyanger kyrjekontor